

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord  
**Tid/Sted:** Tysdag 28. mai kl 12.30 – kl 14.30  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Bjørn Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Tone Rubach, Merethe Sund, Arne Flatmo og Svein Inge Jakobsen.  
**Forfall:** Fred Tore Fagereng  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 28.05.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styremøtet 23. mai</b> Merethe orienterte om god oppfølging på utgått liggetid. Situasjonen for råvarelager. God leveringsgrad til kjedene. Coop skal redusere fokus på kundeaviser. Reduksjon i sortiment og varelinjer gjev mindre kompleksitet. Inndeling i forretningsområde for betre oversikt og resultatstyring. Industristruktur: Forprosjekt for å vurdere avvikling av slakting storfe på Otta og skjering av gris på Rudshøgda.  Leveringsvilkår: Gris forenklingar. Egg: Trivselstiltak pga levering til Rema. Engrospris: Storfe: Betre sal, same engrospris, auka omsetningsavgift for å bygge opp fondet. Sau/lam: 600 tonn frå 2018 på reg lager, ung sau gått ut. Kan fortsatt bruke sau til pelsdyrfôr som reg tiltak. Prisauke på lam. Egg: Overskot, førtidsslakting. Eksport.  NOVA: Malvik stabilisert, kostnad som prognosert. Målselv og Karasjok 1. desember, Harstad i oktober.  Svarbrev til AU Nord vedk foredling i regionen er utsendt.  <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er forventa innsparing med strukturtiltak Otta og Rudshøgda?</li></ul> <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering</b>	
2	<b>Oppfølging frå kretsmøta</b> Brit Kari orienterte om oppfølgingsrapporten.  <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering</b>	
3	<b>Evaluering av RU-møtet</b> Brit Kari orienterte om oppsummering av evalueringsskjema. Mange tilbakemeldingar om at det er hektisk med dagsmøte. Håpar på 2-dagers møte til hausten.  <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilbakemeldingar også i RU-møtet om at det var hektisk, og spørsmål vart ståande ubesvart. Mest einvegskommunikasjon.</li></ul> <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering</b>	
4	<b>Oppsummering/evaluering etter årsmøtet</b> Svein ga uttrykk for at det var eit stille og tamt årsmøte. Litt spenning rundt valget. Greitt møte.	

Innspel/kommentarer:

- Positivt overraska over det overordna nivået på debatten, anna nivå enn i Bondelaget.
- Relativt tamt møte, men også godt møte.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering**

---

**5 Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**

Brit Kari orienterte om kretsane sine handlingsplanar. Det skulle gjerne ha vore fleire kretsar som hadde sendt inn handlingsplanane. AU vert oppfordra til å kontakte sine ansvarskretsar før neste møte 11. juni.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering**

---

**6 Fordeling av ansvarskretsar**

Brit Kari orienterte om forslaget, basert på tidlegare fordeling. Vidare om at det i Organisasjonshandboka står fylgjande om oppgåver for arbeidsutvala: *Medlemmene bør også tildeles et antall kretser innenfor regionutvalgets område, hvor de har jevnlig kontakt med kretsleder og følger opp aktiviteten i kretsen.*

**Vedtak: AU vedtek ny fordeling av ansvarskretsar, jf vedlegg.**

---

**7 Orientering frå Medlem region Nord**

Arne orientere om klassifisering storfe. No vert slaktet klassifisert på bakgrunn av vekt, lengdemåling, info om slekt samt inndelt i 4 rasegrupper. Kvant slakt vert fotografert for evt klage/dokumentasjon. Alle klager vert handtert av Animalia. TYR har forlanga nedskjeringsforsøk. AU fått tilsendt statistikk over det som er slakta hittil i år. Færre dyr i dei lågaste klassene, fleire i R og færre i dei beste klassene. Skilnad mellom rasane. Vert jobba med eit infoskriv frå Animalia. Mogeleg møterunde under planlegging.

Svein Inge orienterte om indeks på tilførselar av storfe, småfe og gris.

Thulefjord: Jobba mykje med det etter RU-møtet. Ikkje Thulefjord i Norgesgruppen pr no. Auke i sal på alle pølsene no. Harald Bjerknes var i forrige veke i Målselv på møte, også positiv. Sett fokus på eigne varekoder for Gilde-pølser produsert i Målselv for å kunne omsette dei i region Nord. Oppmoding om smaksprøver av Thulefjord utanfor butikk.

Spørsmål/kommentarer:

- Trudde Animalia sin klassifisering var rett. Bekymring for at vi er passive overfor eigarane med å signalisere at vi finn rett metode.
- Nortura får kritikken, ikkje Animalia eller KLF. Dersom feil, må det sjåast på løysingar.
- Ikkje teknisk mogeleg for klassifisør å overstyre.
- Produsentar med store buskapar får redusert utbetaling no. Dersom vi tidlegare har klassifisert for høgt, er vi medskuldige i eit driftsopplegg basert på høgare utbetaling.
- Fred Tore har fått beskjed om at inga klagesak er endra av Animalia. Må huske på at kjøtpriisen er redusert med kr 1,37 pga redusert hudverdi. Spesiell føring i vinter. Annleis prisløype.
- Viktig med produsentoppfølging og kontakt.
- Korleis kjem kryssingsdyr ut? Svar: Formel basert på rasane.
- Pratar med produsentane som klagar, men har ikkje kapasitet til å reise rundt til alle.
- Kan ikkje lenger oppnå betre klassifisering ved å skifte slakteri.
- Opptil oss å etterspør Thulefjord-produkta i butikk.
- Matkroken seier dei taper på Gilde-pølser, betre fortene andre produsentar. Grossist tek fortene.
- Er det nok ressursar på oppfølginga av Thulefjord-salet?

## Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

---

### 8 Eventuelt

- Bente: Ynskjer fokus i media og distriktsopprør mot transport mellom regionane, pressa fram av kjedene. Ynskjer felles pressemelding til alle kretsleiarane, der alle samtidig går ut i sine lokalaviser og større media. AU Midt er med på dette. Må behalde det vi har.
- Svein Inge: Feil i den situasjonen i er no, skjer god jobb mot kjedene. Produserer det som er planlagt for Nord-Norge i Nord-Norge. Må i så fall vente til det skjer ei endring. Må ikkje få knekk i salet no.
- Bente: Då er situasjonen endra sidan RU-møtet, vi avventar.